**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Innkalling
# Kommunestyret

**Møtedato:** 18.06.2020
**Møtested:** Austrheim samfunnshus/Teams
**Møtetid:** 18:00 - 23:30

- 1. tertialrapport
- Økonomiplan

1. Koronapandemien, status. (ved Peter Kubon og Liv Løvvik)
2. Sal av kommunale leilegheiter og kjøp av nye og meir robuste bueiningar. (ved Rolf-Henning Myrmel)
3. Sal av kommunal buss og andre kommunale eigedommar. (ved Odd-Harald Dommersnes (buss), eigedommar Thomas Lindås)
4. Kjøp av leilegheiter i Sætremarka burettslag. (ved Thomas Lindås/Monika Kvamme)
5. Status kaiar og båthamner på Mastrevik, Hopland, Solend og Baløy. (ved Rolf-Henning Myrmel/Thomas Lindås)
6. Bruk av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar (1,1 MNOK). (ved Rolf Henning Myrmel)
7. Status VA-prosjekt. (ved Rolf Henning Myrmel)
8. Status tilsetjingar i kommunen (lege, psykolog, rektor, ppt-leiar, studieinspektør osv.). (ved Bjørnar Fjellhaug/Monika Kvamme, evt. fleire)
9. Status organisasjonsprosjektet i kommunen. (ved Ole Georg Hoaas)
10. Status forlenging av gang og sykkelveg på Fonnes (ved Varde-brua). (ved Rolf Henning Myrmel)
11. Miljøfyrtårn, status på prosjektet. (ved Odd-Harald Dommersnes)

Sjå også under meldingar.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

# Saksliste

| Saksnr | Tittel |
|---|---|
| 059/20 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 060/20 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 061/20 | Meldingar |
| 061/20.1 | Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024 |
| 061/20.2 | Årsrapport frå Visit Bergen - prosjekt Region Bergen |
| 061/20.3 | Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet |
| 061/20.4 | Innkalling til representantskapsmøte 09.06.2020 - NGIR |
| 061/20.5 | Melding til kommunestyret, status verbalpunkt frå budsjettmøtet 12.12.19 |
| 062/20 | Orienteringssak |
| 063/20 | Budsjettjustering etter tertial 1 - 2020 |
| 064/20 | Rullering av økonomiplan 2021-2024 |
| 065/20 | Tertialrapport I 2020 |
| 066/20 | TV-aksjonen 2020 - oppretting av kommunekomité |
| 067/20 | Val av meddommarar |
| 068/20 | Forlenging av sals- og skjenkeløyve |
| 069/20 | Oppfølging av forvaltningsrapport spesialundervisning og PPT |
| 070/20 | Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar |
| 071/20 | Revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS |
| 072/20 | Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune |
| 073/20 | Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune |

Austrheim 11. juni 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 059/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4260 |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 060/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4260 |

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg
Protokoll - Kommunestyret - 04.06.2020

### Framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4260 |

## Meldingar

## Underliggende saker

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 061/20.1 | Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024 |
| 061/20.2 | Årsrapport frå Visit Bergen - prosjekt Region Bergen |
| 061/20.3 | Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet |
| 061/20.4 | Innkalling til representantskapsmøte 09.06.2020 - NGIR |
| 061/20.5 | Melding til kommunestyret, status verbalpunkt frå budsjettmøtet 12.12.19 |

## Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20.1 | Kommunestyret | RS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | FE-000, TI-&13 | 20/2 |

## Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024

### Vedlegg
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høyringsforslag.pdf
AcosSvarInn.xml
E-post frå Regionrådet

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20.2 | Kommunestyret | RS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Liv Løvvik | FE-000, TI-&17 | 20/184 |

## Årsrapport frå Visit Bergen - prosjekt Region Bergen

## Vedlegg

e-post

## Framlegg til vedtak:

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20.3 | Kommunestyret | RS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Liv Løvvik | FE-000, TI-&17 | 20/184 |

## Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

### Vedlegg

Uttale til Regional Transportplan Hordaland 2018 - 2029 - Regionrådet i ...
Høyringsframlegg - Planprogram RTP 2022 - 2033 for Vestland
Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regiona...

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20.4 | Kommunestyret | RS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Liv Løvvik | FE-033 | 20/8 |

### Innkalling til representantskapsmøte 09.06.2020 - NGIR

## Vedlegg

Førebels innkalling til årsmøte i NGIR 09.06.2020
Referat representanskapet 31.03.20

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 061/20.5 | Kommunestyret | RS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-000 | 20/131 |

## Melding til kommunestyret, status verbalpunkt frå budsjettmøtet 12.12.19

**Framlegg til vedtak:**

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 062/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4260 |

## Orienteringssak

## Framlegg til vedtak:

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 085/20 | Formannskapet | PS | 11.06.2020 |
| 063/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Olav Birger Andersen | FE-150 | 20/3404 |

## Budsjettjustering etter tertial 1 - 2020

### Vedlegg
Oversyn over budsjettjustering 1 - 2020

### Framlegg til vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

**Budsjettjustering 1 - 2020**

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ansv. | Konto | Kontotekst: | Økning utg. | Red. utgift | Økning innt. | Red. innt. |
| | | | | | | |
| | | **DRIFT** | | | | |
| 6400 | 10100 | Økning lønn | 500 000 | | | |
| 6400 | 12400 | Økning drift | 800 000 | | | |
| 9000 | 18002 | Økning skjønnstilskudd | | | 1 300 000 | |
| | | | | | | |
| | | **INVESTERINGER** | | | | |
| | | | | | | |
| 99 | | Økning startlån | 2 500 000 | | | |
| 99 | | **Reduksjon startlån** | | | 2 500 000 | |
| 99 | | Økt inv.ramme des.inf.m. | 215 000 | | | |
| 99 | | Redusert VVA | | 215 000 | | |
| | | | | | | |
| | | Totalt justeringer | 4 015 000 | 215 000 | 3 800 000 | - |

## Formannskapet - 085/20 - 11.06.2020

### FS - behandling:
Olav Andersen gjekk gjennom tala.

- Aukar til teknisk drift med 1,3 millionar, finansiert med midlar frå skjønnsmidlane.
- Aukar med 2,5 millionar til startlån, dette er sjølvfinansierande.
- Aukar med 215.000 til maskin for desinfisering, henta frå investeringsramma til V/A.

Odd Harald Dommersnes sa at ein legg opp til å ta fleire budsjettjusteringar undervegs i løpet av 2020, for å unngå store avvik mellom budsjett og rekneskap.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om korleis vilkåra no er for startlån.

Ketil Tjore forklarte at det no er slik at kommunen ikkje gjev startlån som toppfinansiering, dersom vedkommande får lån i banken kan ein ikkje få startlån. Startlån er no for dei som ikkje får finansiering i bank.

Austrheim (KrF) viste til at det inneber at det er færre som kan få startlån innanfor ein gitt sum, sidan den enkelte får meir. Er vel også større risiko for tap med fullfinansiering.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å skaffa folk bustad, og det er verdt det å ta sjansen på eit tap. Ein viss risiko er det med slike lån, for når banken seier nei så er det ein risiko.

Rådmann Liv Løvvik sa at intensjonen med startlånsordninga nettopp er å hjelpa inn på bustadmarknaden folk som elles ikkje klarer det.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er ein risiko som kommunen må ta, startlånsordninga har ein sosial profil og heilt annleis enn ein kommersiell bank.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

**Budsjettjustering 1 - 2020**

| Ansv. | Konto | Kontotekst: | Økning utg. | Red. utgift | Økning innt. | Red. innt. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| | | **DRIFT** | | | | |
| 6400 | 10100 | Økning lønn | 500 000 | | | |
| 6400 | 12400 | Økning drift | 800 000 | | | |
| 9000 | 18002 | Økning skjønnstilskudd | | | 1 300 000 | |
| | | | | | | |
| | | **INVESTERINGER** | | | | |
| | | | | | | |
| 99 | | Økning startlån | 2 500 000 | | | |
| 99 | | **Reduksjon startlån** | | | 2 500 000 | |
| 99 | | Økt inv.ramme des.inf.m. | 215 000 | | | |
| 99 | | Redusert VVA | | 215 000 | | |
| | | | | | | |
| | | Totalt justeringer | 4 015 000 | 215 000 | 3 800 000 | - |

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Desse budsjettjusteringane må kommunestyret gjera vedtak om.

### Vurdering

Det vert foreslått fylgjande budsjettjustering.

| Budsjettjustering 1 - 2020 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| Ansv. | Konto | Kontotekst: | Økning utg. | Red. utgift | Økning innt. | Red. innt. |
| | | | | | | |
| | | **DRIFT** | | | | |
| 6400 | 10100 | Økning lønn | 500 000 | | | |
| 6400 | 12400 | Økning drift | 800 000 | | | |
| 9000 | 18002 | Økning skjønnstilskudd | | | 1 300 000 | |
| | | | | | | |
| | | **INVESTERINGER** | | | | |
| | | | | | | |
| 99 | | Økning startlån | 2 500 000 | | | |
| 99 | | **Reduksjon startlån** | | | 2 500 000 | |
| 99 | | Økt inv.ramme des.inf.m. | 215 000 | | | |
| 99 | | Redusert VVA | | 215 000 | | |
| | | | | | | |
| | | Totalt justeringer | 4 015 000 | 215 000 | 3 800 000 | - |

Økonomi

Eigedomsavdelinga har fått auka ramma med 1,3 mill.kr. Midlane er overførte frå skjønsmidlar der ein har fått inn meir inntekter enn budsjettert.
Elles er det overført frå VVA investeringer 215.000 kr. til investering av Desinfiseringsmaskin til Nordliheimen.
Kommunen har også auka lånerammen for startlån med 2,5 mill. kr. Jamfør KS vedtak 008/20 av 13.02.20, og brev frå Fylkesmannen den 11.05.2020 der dette KS vedtaket for startlån for vidare utlån er godkjent.

Justeringane vert gjort utan endringar i totalramma.

### Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å gjera endringane som er nemnd ovenfor.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 086/20 | Formannskapet | PS | 11.06.2020 |
| 064/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Olav Birger Andersen | FE-150 | 20/393 |

**Rullering av økonomiplan 2021-2024**

## Vedlegg

Godkjenning av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023
Revidert nasjonalbudsjett 2020 og kommuneopplegget for 2021
Regulering økonomiplan-2021-2024
Rullering av økonomiplan 2021-2024

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2021-2024 slik han ligg føre.

**<u>Formannskapet - 086/20 - 11.06.2020</u>**

## FS - behandling:

Olav Andersen gjekk gjennom tala.
Det er lagt inn endringar i tråd med den budsjettjusteringa som er gjort.
- Aukar til teknisk drift med 1,3 millionar, med midlar frå skjønnsmidlane.
- Aukar med 2,5 millionar til startlån, dette er sjølvfinansierande.
- Auka med 215.000 til maskin for desinfisering, henta frå investeringsramma til V/A.

Administrasjonen må sjå på kva ein skal gjera med nedgangen i inntekter frå 2020 til 2021, der ein etter kvart skal driva kommunen med 15 millionar i lågare inntekter. Det er lagt inn uspesifisert nedtrekk frå 2021 og utover i planen, dette er det viktig å jobba med framover, for å definera nedtrekka eller kompensera for svikten i inntekter.

Lagt opp til resultat på fire millionar flatt for åra framover.

Viser elles til at regjeringa ventar mindre løns- og prisvekst for åra framover, dette kan gje kommunen ein reserve framover opp mot det som er lagt inn i planen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at med revidert statsbudsjett så kan det komma auka inntekter til kommunane. For inneverande år kan det sjå ut for at økonomien i Austrheim går bra, men 2021 vert definitivt utfordrande for oss.

Handsaming i formannskapet.
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2021-2024 slik han ligg føre.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Kommunelova krev at ein kvar kommune skal utarbeide ein økonomiplan. Økonomiplanen vår er ein 4-årig plan og inngår i kommuneplanen sin kortsiktige handlingsdel. Rådmannen legg fram ein økonomiplan som tar utgangspunkt i kommunestyret si samla løyving, det vert ikkje lagt fram konkrete nettotal på kvart ansvarsområde på denne tida. Det vert ei oppgåve til budsjettarbeidet på hausten. Ei viktig grunngjeving for dette er at det vert arbeidd med ei administrativ omorganisering. Denne kan kome til å endre innbyrdes dei ulike ansvarsområda, derfor bør først det arbeidet kome lenger før ein går inn på detaljnivå med ansvarsområda.

**Vurdering**

Å handsame økonomiplanen lausriven frå budsjettet for neste år, kan vere ei utfordring viss ein ikkje knyter det opp til departementet sine framlagte tankar om den økonomiske utviklinga i kommunane. I tillegg sidan Austrheim er på Robek-lista, er det og viktig å trekke inn fylkesmannen sitt brev om budsjett og økonomiplan. Brevet er datert 11.05.2020 og ligg som vedlegg i denne saka. I Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin prop. 105 S, kommuneproposisjonen 2021, er mellom anna økonomien til kommunane omtala.

Økonomi

Når det gjeld proposisjonen vert det vist til Fylkesmannen sin omtale av revidert nasjonalbudsjett for 2020 og kommuneopplegget for 2021 som er vedlagt.

**Konklusjon**

I 2019 hadde Austrheim eit mindreforbruk på 4,1 mill.kr. og har, pr 31.12.2019, eit akkumulert underskot på 852 000 kr. Det er budsjettert med eit overskot på ca. 4 mill. kr. i 2020. Etter 4 månader i 2020 ligg kommunen føre budsjett. Coronaviruset gjer at det er vanskeleg å seie noko om

den økonomiske utviklinga utover året.

Når det gjeld økonomiplanperioden er det lagt opp til å byggje opp eit reservefond på om lag 21 mill.kr. Dette vil nok bli ei stor utfordring når ein veit at inntektene vil bli reduserte med ca. 15 mill. kr frå 2020 budsjettet til 2021 budsjettet. (Mellom anna redusert havbruksfond, redusert intregeringstilskot og redusert utbyte)

Til hausten må økonomiplanen analyserast grundig sidan ein opererer med uspesifiserte nedtrekk over fleire år i økonomiplanen. Kvar skal desse nedtrekka tas frå?

Ein må også sjå på økonomiplanen i forhold til endringar i den administrative organiseringa når det gjeld dei ulike ansvarsområda.

Når det gjeld investeringar er vi i forhold til Fylkesmannen avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande. Til dømes vatn der vi har budsjettert med store investeringar.

Rådmannen tilrår at kommunestyret gjer vedtak om den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre. Det vert vektlagt at på grunn av Austrheim sin økonomiske situasjon, må særleg investeringane avklarast med Fylkesmannen før dei eventuelt kan realiserast.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 084/20 | Formannskapet | PS | 11.06.2020 |
| 065/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Olav Birger Andersen | FE-150 | 20/3402 |

## Tertialrapport I 2020

### Vedlegg

Vedlegg - Tertialrapport I 2020 - rapporten

### Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapport I 2020 til vitande.

### <u>Formannskapet - 084/20 - 11.06.2020</u>

### FS - behandling:

(Til innkallinga for denne saka har det komme med ei fil gjeldande 2017, denne skulle ikkje vore med).

Olav Andersen gjekk gjennom tala.
- Ein rask gjennomgang av mai-rekneskapen viser at ein ligg tilsvarande som per 1. tertial.
- Jobbar no med å laga ei prognose for ut 2020, med ulike scenario for korleis situasjonen med Korona kan slå ut for Austrheim kommune.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at ein i arbeidet med desse prognosane for resten av året må ta omsyn til manglande utbytte, eventuelt overføring av midlar frå Mongstad Vekst, og utbetaling frå Havbruksfondet.

Inger Lise Brekke (H) sa at med dei utbetalingar som no har komme frå Nav til permitterte, så vil det komma ein del skatteinntekter til kommunen, sidan dette er utbetalingar som den enkelte må skatta av.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at kommunen trass situasjonen kan få eit positivt resultat i 2020.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapport I 2020 til vitande.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

**Bakgrunn**

Ein tertialrapport skal etter økonomireglementet vise den økonomiske situasjonen, vise avvik som har oppstått i driftsåret og gjere greie for tiltak som må gjennomførast for å oppnå balanse mellom budsjett og rekneskap, samt konsekvensar for slike tiltak.

**Vurdering**

Økonomi

I rapporten har rådmannen gjeve status på den økonomiske stoda pr. første tertial, pr.30.04. Rapporten gjer greie for utvikling på dei ulike ansvarsområda. I forhold til budsjett er rammetilskot, skatteinntekter og eigedomsskatt over budsjett. Andre inntekter ligg under budsjett.
På utgiftssida ligg personalutgifter under budsjett medan andre utgifter ligg over budsjett.

Rapporten har denne tabellen:

| PR. 30.04.2020 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekter | REGNSKAP | BUDSJETT | AVVIK | REGNSKAP | AVVIK | ÅRSBUDSJ |
| | ÅR 2020 | ÅR 2020 | VIRK-BUD | ÅR 2019 | VIRK-2019 | ÅR 2020 |
| ( I hele tusen kr.) | PR.30.04 | PR.30.04 | | PR.30.04 | VIRK-2020 | OB |
| Rammetilskudd | 39 495 | 37 817 | 1 678 | 37 189 | 2 306 | 94 544 |
| Skatteinntekter | 29 514 | 27 707 | 1 807 | 27 609 | 1 905 | 92 820 |
| Eiendomsskatt | 7 062 | 6 900 | 162 | 7 235 | -173 | 13 800 |
| Andre Inntekter | 26 547 | 27 929 | -1 382 | 25 605 | 942 | 93 406 |
| Sum Inntekter | 102 618 | 100 353 | 2 265 | 97 638 | 4 980 | 294 570 |
| | | | | | | |
| Inntekter | REGNSKAP | BUDSJETT | AVVIK | REGNSKAP | AVVIK | ÅRSBUDSJ |
| | ÅR 2020 | ÅR 2020 | VIRK-BUD | ÅR 2019 | VIRK-2019 | ÅR 2020 |
| ( I hele tusen kr.) | PR.30.04 | PR.30.04 | | PR.30.04 | VIRK-2020 | OB |
| Personalutgifter | 64 352 | 64 651 | 299 | 65 654 | 1 302 | 184 341 |
| Andre utgifter | 37 166 | 35 397 | -1 769 | 30 876 | -6 290 | 106 199 |
| Sum utgifter | 101 518 | 100 048 | -1 470 | 96 530 | -4 988 | 290 540 |
| | | | | | | |
| Resultat | 1 100 | 305 | 795 | 1 108 | -8 | 4 030 |

Stoda på ansvarsområde ser slik ut:

| AVDELINGSREGNSKAP PR. 30.04.2020 | | VIRK | BUD | AVVIK | VIRK | AVVIK | OB |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2 020 | 2 020 | | 2 019 | | 2 020 |
| 1000 | RÅDMANN | 6 506 | 6 056 | - 450 | 6 596 | 90 | 17 606 |
| 1100 | POLITISK STYRING OG KONTR. | 1 026 | 1 221 | 195 | 967 | - 59 | 3 590 |
| 1900 | INTERNE SERVICEEININGAR | 1 724 | 1 682 | - 42 | 1 414 | - 310 | 4 688 |
| 2000 | ADMINISTRASJON UNDERVISNING | 590 | 896 | 306 | 578 | - 12 | 2 496 |
| 2010 | PPT | 703 | 689 | - 14 | 672 | - 31 | 1 930 |
| 2020 | BARNEVERN | 4 502 | 3 970 | - 532 | 2 493 | - 2 009 | 11 743 |
| 2100 | ÅRÅS SKULE | 8 247 | 7 989 | - 258 | 7 547 | - 700 | 22 476 |
| 2110 | KALAND SKULE | 5 213 | 5 234 | 21 | 5 098 | - 115 | 14 527 |
| 2200 | AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE | 4 745 | 4 619 | - 126 | 4 781 | 36 | 12 903 |
| 2210 | KALAND BARNEHAGE | 2 712 | 2 950 | 238 | 2 676 | - 36 | 8 234 |
| 3000 | ADMINISTRASJON HELSE/SOSIAL | 571 | 588 | 17 | 346 | - 225 | 1 631 |
| 3100 | HELSETJENESTER | 4 107 | 4 273 | 166 | 5 099 | 992 | 11 983 |
| 3200 | SOSIALE TJENESTER | 3 461 | 2 788 | - 673 | 2 700 | - 761 | 8 364 |
| 3300 | NORDLIHEIMEN | 9 145 | 9 510 | 365 | 8 110 | - 1 035 | 27 881 |
| 3310 | NORDLIHEIMEN KJØKKEN | 1 276 | 1 359 | 83 | 1 142 | - 134 | 4 003 |
| 3320 | HEIMETJENESTER I | 4 274 | 4 077 | - 197 | 3 747 | - 527 | 11 875 |
| 3330 | HEIMETJENESTER II | 5 590 | 5 814 | 224 | 5 940 | 350 | 9 944 |
| 3340 | ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER | 238 | 254 | 16 | 357 | 119 | 718 |
| 4000 | BIBLIOTEK | 452 | 477 | 25 | 644 | 192 | 1 347 |
| 4100 | AUSTRHEIM KULTURSKULE | 701 | 673 | - 28 | 670 | - 31 | 1 868 |
| 4200 | UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE | 344 | 310 | - 34 | 475 | 131 | 876 |
| 4300 | ANNA KULTUR | 129 | 244 | 115 | 207 | 78 | 707 |
| 5000 | PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ | 441 | 1 061 | 620 | 1 081 | 640 | 2 944 |
| 5100 | LANDBRUK-VETERINÆR | 97 | 167 | 70 | 110 | 13 | 500 |
| 6000 | ADMINISTRASJON TEKNISK | 725 | 602 | - 123 | 594 | - 131 | 1 697 |
| 6100 | VATN, AVLØP, RENOVASJON | - 4 327 | - 3 192 | 1 135 | - 3 059 | 1 268 | - 4 748 |
| 6200 | KOMMUNALE VEGAR,KAIAR,FRILUFT. | 1 018 | 653 | - 365 | 583 | - 435 | 1 958 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 6300 | BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE | 1 243 | 1 117 | - 126 | 1 477 | 234 | 3 570 |
| 6400 | EIGEDOMSAVDELING | 3 130 | 1 798 | - 1 332 | 2 677 | - 453 | 5 267 |
| 6500 | REINHALDSAVDELING | 2 103 | 1 982 | - 121 | 2 263 | 160 | 5 599 |
| | **SUM DRIFT** | **70 686** | **69 861** | **- 825** | **67 985** | **- 2 701** | **198 177** |
| 8000 | TILLEGGSLØYVINGAR FORMANNSKAP | - | 33 | 33 | - | - | 100 |
| 8100 | TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNEST. | 48 | 50 | 2 | 18 | - 30 | 150 |
| 8200 | TILLEGGSLØYVINGAR RÅDMANNEN | 30 | 133 | 103 | 26 | - 4 | 400 |
| 8300 | TILLEGGSLØYVINGAR ORDFØRER | 4 | 17 | 13 | 8 | 4 | 50 |
| 8990 | OVERORDNA KLP UTG./INNT. | - | - 856 | - 856 | - | - | - 2 600 |
| 9000 | SKATT,RAMMETILSKOT,AVDR/RENT | - 71865 | - 69543 | 2 322 | - 69 139 | 2 726 | - 200 307 |
| 9990 | SENTRALE POSTAR | - 3 | - | 3 | - 6 | - 3 | - |
| | **T O T A L T** | **- 1 100** | **- 305** | **795** | **- 1 108** | **- 8** | **- 4 030** |
| | | **PLUSS** | **PLUSS** | | **PLUSS** | | **PLUSS** |

Resultatet når det gjeld drift viser eit overskot på kr. 1,1 mill. kr. Dette er ca. 800 tusen betre enn budsjett. Så langt i året er drifta i god rute. Når det gjeld utviklinga i økonomien framover vil nok coronaviruset skape ein del utfordringar. F.eks. lågare skatteinntekter i samband med arbeidsløyse i kommunen og auka sosialutgifter. Ein veit heller ikkje kor mykje midlar ein får refundert frå staten.

Denne tabellen er kommentert i vedlegget om tertialrapportering.

**Investeringar**

Rapporten frå rekneskapsprogrammet for investeringar så langt viser:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Prosjekt | | Årsbudsjett | Regnskap | Revidert budsjett |
| K90005 | IKT- AUSTRHEIM KOMMUNE (TJ.1200) | 150 000 | 0 | 150000 |
| K90006 | PROSJEKT FELLES IKT I REGION (TJ.1200) | 400 000 | 0 | 400000 |
| K90009 | BYGGUTBETRING | 500 000 | 0 | 500000 |
| K90011 | IKT - SKULAR (TJ.2020) | 100 000 | 0 | 100000 |
| K90012 | IKT/TAVLE-SKULANE 2018 (TJ.2020) | 150 000 | 0 | 150 000 |
| K90028 | VVA (TJ.3450) | 15 000 000 | 180 250 | 7 500 000 |
| K90044 | OMSORGSTEKNOLOGI 2019 (tj.2340) | 1 000 000 | 0 | 1 000 000 |
| K90046 | KALAND TRYGG SKULEVEG, HJERTESONE, PUNKTUTBETRING tilsk.HLF.(tj.3320) | 0 | 2 578 078 | |
| K90047 | IKT BARNEHAGE (tj.2010) | 100 000 | 0 | 100 000 |
| K90048 | TILTAK I LANDBRUKET | 300 000 | 0 | 300 000 |
| K90049 | FAGFORNYING 1 - 4 TRINN (tj.2020) | 500 000 | 0 | 500 000 |
| K90050 | UTLÅNSAUTOMAT BIBLIOTEK | 100 000 | 0 | 100 000 |
| K90051 | STEINALDERPLASS | 200 000 | 0 | 200 000 |
| K90052 | SERVICEKONTORET DIGITALISERING | 200 000 | 0 | 0 |
| K90055 | DESINFISERINGSMASKIN (tj.2530) COVID 19 - VIRUS | 0 | 215 000 | |
| K97000 | INVESTERINGSTILSKOT AUSTRHEIM KYRKJE (TJ.3900) 2020- | 700 000 | 0 | 700 000 |
| | Sum | 19 400 000 | 2 973 328 | 11 700 000 |
| | | | | |
| K90032 | SAL AV FAST EIENDOMMER | -4 400 000 | 0 | -4 400 000 |

Kommentarar til investeringsbudsjett 2020, etter 1. tertial.

Budsjettet pr. dato syner at storparten av prosjekta ikkje har brukt av de avsette budsjettmidlane, og som det kjem fram i revidert budsjett vil vi ha eit monaleg mindre forbruk enn opphaveleg budsjett.

1. VVA.

   Det er budsjettert med 15 millionar kroner til dette prosjektet i 2020, prognosar for 2020 syner eit forventa forbruk på 7,5 millionar som fordeler seg slik. Vardetangen-Utkilen 5,3 millionar, digitale vannmålarar 1 million, pumpestasjon Årås 0,7 millionar, prosjektering 0,5 million.

2. KALAND TRYGG SKULEVEG, HJERTESONE, PUNKTUTBETRING

   Vi venter på sluttoppgjer frå Vestland fylkeskommune for denne utbetringa.

   Jfr. Sak 069/19 i kommunestyret. *Austrheim kommune inngår kontrakt med Magne Hope AS om utbygging av fortau, bussoppstilling og veglys langs Vardevegen frå gamle vaskeriet til avkøyrsel til Kalandsjøen. Finansiering vert med tilskott på kr 1.550.000,- frå Hordaland Fylkeskommune og kr 211.000 frå trafikksikring etter plan K90004. Restbeløp kr. 1.054.816 vert dekt av frigjorte midlar frå tidlegare tilskot til trafikksikring, tilbakebetaling frå Hordaland Fylkeskommune i 2019.*

3. DESINFISERINGSMASKIN (tj.2530) COVID 19 – VIRUS

Det er kjøpt inn 1 desinfeksjonsroboten fra Decon-X til bruk på Nordlheimen. Decon-X er en intelligent desinfiserings-robot med sensorer som gir signaler til roboten om tetthet, fuktighet og temperatur i rommet.

4. SAL AV FAST EIGEDOM

Det er i budsjettet lagt inn ei inntekt på sal av inntekter på 4,4 millionar kronar. Det er i første

Tertial ikkje avhenda nokon eigedommar.

Kommunane legg til grunn regnskapsforskrifter for føring av utgifter i drifts- og investeringsregnskapet. Med bakgrunn i ein tydeliggjering og presisering av regnskapsforskrifter bør vi ta ein gjennomgang av planlagde investeringstiltak for å avdekke kva prosjekter som kan potensielt være av ein karakter som må finansiere i drift, og motsett.

**Konklusjon**

Rådmannen rår formannskap og kommunestyret til å ta tertialrapportering I 2020 til vitande.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 083/20 | Formannskapet | PS | 11.06.2020 |
| 066/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FA-X03 | 20/1874 |

## TV-aksjonen 2020 - oppretting av kommunekomité

## Vedlegg

TV-aksjonen 2020 - førespurnad om å oppretta kommunekomité
Vedlegg - komitebrosjyre web 2020

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2020:
- Leiar: Varaordførar Inger Lise Brekke
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekka frå post 1490380001902
Rådmannen får mynde til å erstatta eller legga til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

## <u>Formannskapet - 083/20 - 11.06.2020</u>

## FS - behandling:

Inger Lise Brekke (H) sa at for henne var det vanskeleg å ha dette vervet i haust, sidan Brekke både er oppteken med arbeid i nominasjonskomiteen i Høgre før stortingsvalet, og som meddommar i ei ankesak.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje er noko i vegen for å finna ein annan kandidat. Ber om at ein tek ein runde internt i Høgre på ein annan kandidat, og så tek det opp i samband med kommunestyret torsdag 18. juni. Brekke (H) sa seg samd i dette.
Ordføraren sa vidare at resten av vedtaket kan ein gå for no, med medlemmer og løyvinga på 25.000, som har stått på dette nivået dei siste 5-6 åra.
Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Inger Lise Brekke (H) sitt framlegg til vedtak

## FS - vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2020:
- Leiar: (Høgre kjem med framlegg i kommunestyret 18. juni)
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekka frå post 1490380001902
Rådmannen får mynde til å erstatta eller legga til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Fylkeskoordinator i Vestland for TV- aksjonen har oppmoda kommunen ved ordførar til å oppretta kommunekomité for TV-aksjonen 2020. Inntektene skal dette året gå til organisasjonen WWF, og deira arbeid for å bekjempa plast i havet. Sjølve innsamlingsdagen er søndag 18. oktober.

Når kommunekomiteen er utnemnt, skal medlemmene registrera seg på eit eige elektroniske registreringsskjema. Skjemaet ligg på blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/.

### Vurdering

Samansetnaden av kommunekomiteen er om lag slik den har vore dei siste åra.
Austrheim Rotary er ute, det laget eksisterer ikkje i dag. Elles får rådmannen mynde til å erstatta eller legga til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen, slik at det kan gjerast justeringar utan ny handsaming politisk.

Summen på 25.000 kroner er den same som dei siste åra.

### Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2020:
- Leiar: Varaordførar Inger Lise Brekke
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekka frå post 1490380001902
Rådmannen får mynde til å erstatta eller legga til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 067/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |
| 016/20 | Valnemnda | PS | 04.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/168 |

## Val av meddommarar

### Framlegg til vedtak:
Valnemnda må prioritera mellom dei kandidatane som er lista opp.

**Valnemnda - 016/20 - 04.06.2020**

### VAL - behandling:
Valnemnda diskuterte kandidatane, og sette opp liste som i framlegget som er vedteke.
Prioriteringa skal brukast for å justera, dersom det er enkelte kandidatar som ikkje er valbare.
Lista med kandidatane vert etter møtet lagt ut på offentleg høyring.
Handsaming i utvalet:
Samrøystes for framlegget med prioritert rekkefølgje.

### VAL - vedtak:
Gulating lagmannsrett, to kvinner
1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn
1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner
1. Gro Kaland

2. Toril Hordvik
3. Siv Brekke
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstanse Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn
1. Frank Solberg
2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam
5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner
1. Annette Brügger
2. Monica Fonnes
3. Catrine Aasen
4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn
1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner
Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fonnes

Skjønnsmedlemmer, to menn
Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Val av meddommarar og skjønnsmedlemmer skal vera gjort innan 1. juli, med rapportering seinast 14. september til domstolane.

Mellom krava til å bli valde er:

Domstollova § 70:
«Den som velges, må ha tilstrekkelige norskkunnskaper, og for øvrig være personlig egnet til oppgaven.

I tillegg må vedkommende:
1. være over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start,
2. ikke være fradømt stemmeretten i offentlige anliggender,
3. ikke være under offentlig gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valgdagen, og
5. være statsborger i Norge eller et annet nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som bosatt i riket de tre siste år før valgdagen»

Austrheim kommune skal velja meddommarar til tre ulike utval:

**Til lagmannsretten** – eitt utval for kvinner og eitt for menn, jf dl § 64
Austrheim kommune skal ha 4 meddommarar, to kvinner og to menn.

**Til tingretten** – eitt utval for kvinner og eitt for menn, jf dl § 65
Austrheim kommune skal ha 10 meddommarar, fem kvinner og fem menn.

«Samme person kan ikke velges til både å sitte i utvalget til lagmannsretten og til tingretten, jf dl § 68 siste ledd. Men for øvrig kan alle ulike kombinasjoner velges. For eksempel kan samme person være meddommer både i tingretten og jordskifteretten. Vedkommende kan i tillegg være skjønnsmedlem.»

**Til jordskifteretten** – like mange kvinner som menn, jf jordskifteloven § 2-5
Austrheim kommune skal ha 8 meddommarar, fire kvinner og fire menn.

I tillegg skal kommunen ha framlegg til skjønsmedlemmer, som skal veljast av fylkestinget, og det er ønskjeleg at ein fjerdedel av desse også er frå utvalet av meddommarar til jordskifteretten.

**Austrheim skal fremma 4 kandidatar til skjønnsmenn** (to kvinner, to menn)

Når det gjeld kvalifikasjonar til desse skjønnsmedlemmene, går det fram i brevet frå Justisdepartementet at domstolane har gjeve uttrykk for at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med «alminneleg kompetanse». Dei fleste domstolane har derimot gjeve uttrykk for at dei har behov for skjønnsmedlemmer med kompetanse innan ulike sider av verdifastsetting, og bruk og drift av fast eigedom. Mange domstolar nemner og at det er behov for skjønnsmedlemmer med særleg kompetanse innan plan- og reguleringsprosessar, og kunnskap innan bygg- og anleggsvirksomhet. Fleire domstolar ønskjer og at skjønnsmedlemmene har særleg kompetanse innan økonomi, revisjon og rekneskap. Det er og sett fram eit ynskje om at skjønnsmedlemmene har digital kompetanse.

Rapportering:
Meddommarar skal rapporterast etter eige rapporteringsoppsett frå Domstolsadministrasjonen.

Kommunane sitt framlegg til skjønnsmedlemmer vert å senda fylkeskommunen innan fristen tysdag 30. juni 2020, med informasjon som dette «Oppgaven skal inneholde fullt navn, adresse, fødselsnummer, eventuell telefon til arbeidsted og privat, stilling og yrke, samt angivelse av hva vedkommende er særlig kyndig i.»

**Vurdering**

Administrasjonen har sendt melding til alle som i dag er valde til verva som er lista over, med spørsmål om dei ønskjer å halda fram. I tillegg har me hatt ute ei undersøking på nettet, med spørsmål om å ta på seg eit slikt verv. Valnemnda har blitt orientert, og har også oppfordra personar til å melda seg via nettskjemaet.

Dette er lista over dei kandidatane me har etter å ha purra tidlegare kandidatar, og opna for å nominera seg sjølv eller andre over nettet:

Gulating lagmannsrett, to kvinner
Marie Berg
Lisa Maria Kopperdal
Reidun Hartwall
Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn
Nils Ove Vassdal
Per Ingemar Hartwall
Morten Sognnes
Aslak Bakke

Bergen tingrett, fem kvinner
Tina Konstanse Helland
Annette Brügger
Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
Rannveig Lohne
Siv Brekke
Gro Kaland
Toril Hordvik

Bergen tingrett, fem menn
Frank Solberg
Einar Austrheim
Einar Ellingsen
Morten Hodnekvam
Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner
Annette Brügger
Monica Fonnes
Catrine Aasen
Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn
Nils Ove Vassdal
Pål Andreas Dyrkolbotn
Ingemar Hartwall
Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner
Vibeke Moberg Kaarstad

Gerd Marie Fonnes

Skjønnsmedlemmer, to menn
Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

Etter vedtak i valnemnda skal desse kandidatane ut på høyring fram til kommunestyremøtet 18. juni.

Kandidatane skal sjekkast med politiet for vandel.

**Konklusjon**

Valnemnda må prioritera mellom dei kandidatane som er lista opp.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| --- | --- | --- | --- |
| 068/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
| --- | --- | --- |
| Ketil Tjore | FA-U62 | 20/76 |

## Forlenging av sals- og skjenkeløyve

## Framlegg til vedtak:

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 er no ute på offentleg høyring. Den kjem så tilbake til formannskapet den 20. august, og til vedtak i kommunestyret 17. september.

Det er kommunestyret som tildeler sals- og skjenkeløyve, og desse varer i fire år med fornying seinast 30. september i året etter val av nytt kommunestyre. Løyva vert gitt på grunnlag av den alkohol-politiske planen.

Det er mogleg å gje forlenging av dei eksisterande løyva i kommunen med fire nye år. Om ein ikkje skal forlenga løyva bør sals- og skjenkestadene få melding no før sommaren, slik at dei får tid til å førebu søknaden.

Administrasjonen vil innstilla på at sals- og skjenkeløyva vert forlenga med fire nye år, innanfor dei vilkåra som vert vedteke i den oppdaterte alkoholpolitiske planen for Austrheim kommune. Det formelle vedtaket kan ikkje kommunestyret gjera før i september, men med eit prinsippvedtak no kan me gje butikkar og skjenkestader melding om kva kommunestyret tenkjer kring dette.

Sals- og skjenkestader pliktar uansett å gje melding dersom det skjer endringar i kven som skal stå som ansvarlege på løyve, og liknande.

**Konklusjon**

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 078/20 | Formannskapet | PS | 27.05.2020 |
| 069/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Bjørnar Fjellhaug | FA-B00 | 20/215 |

**Oppfølging av forvaltningsrapport spesialundervisning og PPT**

## Vedlegg

Austrheim kontrollutval - oversending av sak 04/20 i kontrollutvalet til kommunestyret for handsaming
2020 03 02 Særutskrift sak 04.20 Forvaltningsrevisjonsrapport PPT og spesialundervisning - Austrheim kontrollutval
2020 03 02 Oversendingsbrev til kommunestyret i Austrheim kommune - KUsak 04-20 Forvaltningsrevisjon PPT og spesialundervisning Austrheim kommune

## Framlegg til vedtak:

*Kommunestyret vedtek rådmannen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT som omtala i saka.*

*Kommunestyret ber om rapport innan april 2021 på tiltaksplanen.*

**<u>Formannskapet - 078/20 - 27.05.2020</u>**

## FS - behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug hadde ein eigen presentasjon om forvaltningsrapporten som er levert for spesialundervisning og PPT. (Presentasjonen frå Fjellhaug ligg ved møteboka).

Fjellhaug ser at det er gjort ein del funn som administrasjonen må gripa fatt i, som dokumentasjon og felles plan og rutinar. Kan vera usamd med deler av rapporten, men kan bruka den til å gjera endringar til det beste for barn og unge.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra med forvaltingsrapportar for å visa kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. Har ikkje innsigelsar til innhaldet i rapporten, stolar på at det faglege innhaldet er godt. Som politikar er eg skuffa, på grunnlag av at kommunestyret har satsa bevisst på kompetanse og

høgt utdanna tilsette i barnehagar og skular. Skuffande at ein no får ein rapport på at samarbeidet ikkje har vore godt i organisasjonen, mellom einingane. Dette med samarbeid på tvers av kommunale einingar må berre komma på plass no, dette må vera mogleg å få til i ein liten og oversiktleg kommune som Austrheim. Her har kommunalsjef Fjellhaug full støtte til å ta grep.

Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med ordføraren, og er overraska over at det er avdekka manglar på system, i samband med overgang barnehage/skule med meir. Brekke sa vidare at PPT burde vera tettare på det daglege skulemiljøet, for å få eit større fagmiljø og dra vekslar på kunnskap mellom kvarandre.

Fjellhaug sa at det skjer godt arbeid både i barnehage og skule, men det overordna kommunale arbeidet er ikkje godt nok. Overgang barnehage/skule kan vera god, men det er skuleeigar-nivået som ikkje har hatt plan og system som har sikra at dette vert ivareteke. Må også sikra at det ikkje er spesialundervisning for mange elevar, dei fleste skal ha undervisninga saman med andre, og spesialundervisning skal vera for dei som ikkje når kompetansemåla.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret tilsette ein kommunalsjef for skule, og gjekk inn i KS-prosjektet for å bli ein god barnehage- og skuleeigar, men ser ikkje at ein har fått noko igjen for dei ressursane ein har sett inn.

Rådmann Liv Løvvik sa at det ikkje har vore kapasitet sentralt i kommunen til å ha ein sentral plan på dette arbeidet. Må jobba for å få meir tilpassa opplæring inn i skulen, og ikkje spesialundervisning for mange. Skal sikra dette med å få plass ein plan, som ein kan måla seg etter.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra med denne typen ettersyn slik at ein får korrigert kursen undervegs. Veit at det vert jobba godt ute i organisasjonen, men manglar det overordna. Trur ikkje det har mangla på tilbodet til born og unge, men har ikkje overordna plan. Ønskjer at PPT er meir aktive i rettleiing av dei som driv spesialundervisning og undervisning elles ute i skule og barnehage. For barn som ikkje går i barnehage, må ein ta med helsestasjonen i dette kartleggingsarbeidet.

Per Lerøy (Ap) sa at det har vore jobba med dette lenge, no må ein komma frå ord til handling.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho kjenner seg trygg på at det skjer ei endring no. Må jobba vidare med lærarar og assistentar, og dela informasjon fram og tilbake. I tillegg må kommunen ha ein plan på å gje eit godt tilbod til dei evnerike elevane, og desse elevane skal ha eit individuelt tilpassa undervisningsopplegg.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at det er bra at det er eit stort engasjement om dette. Seier seg samd med Brekke i at skulen må ha eit eige tilpassa opplegg for dei elevane som er evnerike, ein skal sikra eit tilbod til alle elevane. Det er mange som kan vera sårbare på ulike sett. Skal elles rapportera undervegs i arbeidet vidare.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

*Kommunestyret vedtek rådmannen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT som omtala i saka.*

*Kommunestyret ber om rapport innan april 2021 på tiltaksplanen.*

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte i sak 20/18 i møtet 15.06.2018 forvaltningsrevisjonsprosjektet «PPT og spesialundervisning». Rapporten låg føre 25.02.2020.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet har hatt føremål å undersøkje tilhøva kring PPT og spesialundervisning i Austrheim kommune.

Problemstillingane har vore:

1. Sikrar kommunen dei lovfesta rettane til barn under opplæringspliktig alder?
2. Sikrar kommunen gode overgangar mellom barnehage og skule?
3. Korleis arbeidar PPT?
4. Sikrar kommunen barn sine rettar i offentleg sakshandsaming?
5. Fattar kommunen formelt korrekte enkeltvedtak, og utarbeidar kommunen dei dokument som opplæringslova og barnehagelova krev?
6. Vert spesialundervisning gjennomført i tråd med lovkrav, vedtak og individuell opplæringsplan?

Revisjonen har gjennom arbeidet sitt gjennomført dokumentanalyse med vedtakgjennomgang, gjennomført intervju med aktuelle tilsette og gjennomført spørjeundersøking, som danna grunnlaget for vurderingane og tilrådingane. Revisjonskriteriuma til problemstillingane var utarbeidd ut frå gjeldande lovkrav og andre autoritative kjelder.

I forvaltningsrevisjonsrapporten kjem revisjonen med følgjande tilrådingar til Austrheim kommune basert på funna i rapporten:

- Utarbeiding av felles skriftlege rutinar kring spesialpedagogisk hjelp.
- Vurderer om det kan innførast særskilte rutinar ovanfor barn som ikkje nyttar retten til barnehageplass for å eventuelt fange opp barn som kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp.
- Utarbeider ein felles plan for overgangar i kommunen som sikrar at kommunen oppfyller krava i opplæringslova og barnehagelova om å sikre ein trygg og god overgang mellom barnehage og skule og mellom barnehage og skulefritidsordning.
    - Planen bør sikre likebehandling av barn og føresette på tvers av krinsane og omfatte både samarbeid innad i krinsar, på tvers av krinsar, barn som ikkje går i barnehage og overgangar til og frå andre kommunar.
- Utarbeider felles rutinar for overgang for  barn med særskilte behov.
- Etablerer ein felles og overordna plan for systematisk organisasjons- og kompetanseutvikling i oppvekstsektoren.
- Nyttar kvalitetskriteria for PPT som eit ledd i vidare kvalitetsarbeid og systematisk utviklingsarbeid.
- Utarbeider felles rutinar for involvering av barn og føresette i samsvar med opplæringslova §5-4 tredje ledd som også omfattar synleggjering og dokumentasjon av involvering og

vektlegging.

- Utformar vedtak som fullt ut samsvarar med sakkunnig vurdering der det ikkje er meint å vere skilnad mellom tilråding og vedtak.
- Nyttar felles vedtaksmal og vurderer å ta i bruk Utdanningsdirektoratet sin mal for vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Rapporten har vore til høyring hos kommunen og rådmannen gav høyringssvar datert 25.02.2020. Vidare handsama kontrollutvalet rapporten i møte 02. mars i sak 04/20. Kommunalsjef og rådmann deltok i dette møtet. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

*«Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i forvaltningsrapporten om PPT og spesialundervisning i Austrheim kommune.*

*Kontrollutvalet innstiller kommunestyret om å be administrasjonen følgje opp tilrådingane i rapporten, og gje ein skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet om oppfølging av tilrådingane innan 02. juni 2020, med særleg vekt på felles plan for overgangar og vedtaksutforming».*

I høyringssvaret til revisjonen gav rådmannen merknader på nokre områder som det er verdt å merka seg. På side 9 i rapporten er det oppgjever at svarprosenten er på 18,4 %. Dett er ein svært låg svarprosent og det hadde vore ønskjeleg med ein høgare svarprosent for at undersøkinga hadde vore endå meir valid. Ein lyt ta høgde for og vurdere om det er eit representativt utval av respondentar. Det må reknast inn at feilmargin kan vere på begge sider av skalaen, men ein skal ta respondentane på alvor. Det vert peika på at svarprosenten er vesentleg høgare på Kaland enn på Årås, noko som også gjer det vanskeleg å kunne eintydig seie om det er gjeldande praksis eller erfaring i kommunen.

***Overgang barnehage-skule***

Kommunen har praksis på overgang barnehage-skule, men den er ulik mellom skulane og barnehagane, samt at det ikkje er noko overordna forankra plan. Ein overordna plan bør sikre mest mogleg lik praksis, men utover det som er forventa, kan det gjerast lokale tilpassingar. Det ligg føre lokale planar for korleis dette arbeidet vert gjort i dag, men det er viktig at overgangen blir best mogleg for borna og at dette er forankra i ein overordna kommunal plan som tydeleg seier kva praksis vi ynskjer.

Nokre born har særskilde behov som er tidleg kjende anten gjennom PP-tenesta eller helsestasjonen sitt arbeid. Det må også sikrast at born med særskilde behov sikrast ein god overgang frå skule til barnehage og vidare også til ungdomsskule når så langt kjem. Det må vurderast i kva grad vi klarar å fange opp dei borna som av ulike årsaker ikkje har barnehageplass og skulle hatt rett på spesialpedagogisk hjelp før skulestart. Dette må vere ein del av arbeidet med den overordna kommunale planen for ein god overgang.

***Vedtaksmalar og oppfølging av sakkunnig vurdering og enkeltvedtak***

Barnehagane og skulane operer i dag med ulike malar for enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skule. I forvaltningsrapporten vert det vist til at nokre vedtak får med vedlegg som klargjer klagetilgang, medan andre har det som ein del av sjølve vedtaket. Rådmannen meiner at det her må vere lik mal og praksis når enkeltvedtak vert fatta.

Det vert i forvaltningsrapporten at det kan vere avvik mellom sakkunnig vurdering og vedtaka som vert fatta. Dette kan t.d. gjelde at det i sakkunnig vurdering står lærar, medan det i vedtak står

pedagog. Her meiner rådmannen at dette ikkje er vesentleg avvik som må grunngjevast, då lærar og pedagog er synonymt. Ein skal gjennomgå sakkunnig vurdering og vedtak slik at desse samsvarar og at vesentlege avvik frå sakkunnig vurdering, vert grunngjeven i vedtaket dersom det vert gjort. Ei sakkunnig vurdering eller tilråding, er ikkje juridisk bindande, men seier korleis det optimale tilbodet til eleven kan tilrettleggjast. Vedtaket er juridisk bindande og gjev klagetilgang og med det også synleggjer det tilbodet eleven vil få rett på. Alle elevar skal ha eit likeverdig tilbod, men retten strekkjer seg ikkje til eit optimalt tilbod.

***PP-Tenesta***

Rådmannen ynskjer at PP-tenesta skal drive meir systemretta arbeid og gjere dei tilsette rettleiing og hjelp til å taka borna og elevane i vare i barnehage- og skulekvardagen. Rådmannen vil setje i gang eit arbeid med å sikre at PP-tenesta arbeidar i tråd med kvalitetskriteria for PPT for vidare kvalitetsarbeid og systematisk utviklingsarbeid. Dette blir ein del av arbeidet med planen for oppvekstsektoren. Kvalitetskriteria for PP-tenesta omhandlar fire område:

1. PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste
2. PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng
3. PP-tenesta arbeidar førebyggjande
4. PP-tenesta bidreg til tidleg innsats

***Rutinar***

Det ligg i dag føre ulike rutinar for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Desse rutinane må gjennomgåast og det må tydleggjerast som overordna rutiner og gjeldande rutiner for barnehagane og skulane, samt PP-tenesta. Dette gjev oss eit godt høve til å få ein gjennomgang av dei rutinene vi har og fastsetje korleis dei skal vere. Rutinane må også sikra retten både foreldre og elevar har til å bli høyrt og i kva grad dette vert vektlagt. Eleven si røyst skal bli høyrt også gjennom PP-tenesta sitt arbeid. Vi må sikre oss at dette blir gjort på ein god måte. Opplæringslova §5-4 andre ledd seier at eleven eller foreldra til eleven har «rett til å gjere seg kjende med innhalde i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det blir gjort vedtak». I siste ledd står det *«tilbod om spesialundervisning skal så langt som råd, formast i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn».*

***Felles og overordna plan for systematisk organisasjons- og kompetanseutvikling i oppvekstsektoren***

Einingane utarbeider i dag verksemdsplanar for arbeidet. Desse planane synleggjer også arbeidet med systematisk organisasjons- og kompetanseutvikling. Desse planane er ikkje overordna og gjeld for oppvekstsektoren, men for dei einskilde einingane. Rådmannen vil som ein del av arbeidet med ny organisasjon, utarbeide eigen felles og overordna plan for systematisk organisasjons- og kompetanseutvikling i oppvekstsektoren i Austrheim. Vi har Austrheimsskulen og Austrheimsbarnehagen med stor A og vi skal arbeida felles til det beste for borna og elevane våre. Dette arbeidet vil ta litt tid, men vil vere på plass så snart som mogleg, seinast innan 01. april 2020.

Rådmannen har gjennomgått rapporten og tek rapporten til etterretning og vil følgje opp tilrådingane.

**Vurdering**

Opplæringslova §13-10 andre ledd seier bla. *«Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter §2-12 ska ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter §2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i §14-4».*

Barnehagelova § 16 pålegg kommunen å føre tilsyn med verksemder etter barnehagelova.

Austrheim er ein høvesvis liten og oversiktleg kommune. Det bør så langt som mogleg vere lik praksis i barnehagane og skulane for vedtak, overgangar og oppfølging. Nokre lokale tilpassingar vil likevel førekome då lokale tilhøve tilseier det. Rådmannen meiner at det må liggja føre overordna planar som er styrande og gjeldande for barnehage, skule og PP-tenesta. Rådmannen vil setje i gang arbeidet med å utarbeida ein heilskapleg plan for oppvekstsektoren i Austrheim.

Som ein del av dette arbeidet og vidare oppfølging av forvaltningsrapporten vurderer rådmannen følgjande tiltak og framdriftsplan:

Tiltak/plan:

- Det skal utarbeidast ein ein felles og overordna plan for systematisk organisasjons- og kometanseutvikling i oppvekstsektoren. Denne skal vere klar innan 01. april 2021.
- Det vert utarbeidd ein kommunal overordna plan for overgang mellom barnehage og skule i Austrheim kommune. Planen skal vere klar seinast til 01. desember 2020.
    - Planen skal innehalde gode og felles rutinar gjeldande for kommunen for å sikra ein best mogleg overgang for borna og elevane.
    - Planen skal også omhandle særskilde overgangsrutiner for born og elevar med særskilde behov. Planen skal også seie noko om dei borna som ikkje har barnehageplass, men likevel har rett til spesialpedagogisk hjelp.
    - Planen skal omhandle overgang frå barnehage til SFO.
    - Rådmannen oppnemner ei arbeidsgruppe samansett av fagpersonar frå barnehage, skule, PP-tenesta og skulehelsetenesta. Kommunalsjef oppvekst og kultur leier arbeidet.
- Innan 01. september 2020 skal følgjande vere på plass:
    - Felles vedtaksmal for vedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.
- PP-tenesta
    - Plan og mål for PP-tenesta sitt arbeid med utgangspunkt i kvalitetskriteria.
    - Utarbeiding av rutiner for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.
- Rådmannen vurderer at skuleeigar har eit forsvarleg system som sikrar at krava i Opplæringslova og Barnehagelova, samt føresegnene til lova vert oppfylte.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 075/20 | Formannskapet | PS | 27.05.2020 |
| 058/20 | Kommunestyret | PS | 04.06.2020 |
| 070/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Thomas Lindås | FE-000 | 19/487 |

**Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar**

## Vedlegg

Prosjektrapport Strategisk eigedomsforvaltning

## Framlegg til vedtak:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigedommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

**<u>Formannskapet - 075/20 - 27.05.2020</u>**

## FS - behandling:

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka.
Det har vore orientert om denne saka før, men utan at ein vedtok retningslinjer for sal.
Prøver no å vera så tydeleg som ein kan i retningslinjene, men samstundes ha eit handlingsrom for justeringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om dette er godt eigna til å trekka til seg kjøparar/næringsliv som vil etablera seg i Austrheim. Til dette svara Thomas Lindås at kommunen bør vera ein meir aktiv eigar, som også kan gå med i prosjekt dersom det kan gje kommunen betre utteljing.

Lerøy (Ap) spurte vidare om dette legg til rette for å selja leilegheiter der kommunen eig ein leilegheit i eit bygg der andre bur. Kan ein løysa dette? Til dette siste svara Thomas Lindås at ein kan la eigarar i bygg som leilegheiter som skal seljast, kan få rett til å tre inn på høgaste bod.

Inger Lise Brekke (H) støtta framlegget frå Lindås om å la eigarar i same bygg få overta til høgaste pris. Elles oppmoda Brekke til å gå breitt ut i utlysinga av eigedommar som skal seljast.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om punktet der det heiter at bygg/eigedommar som hovudregel skal leggast ut på den opne marknaden. Til dette svara kommunalsjef Lindås at det til dømes kan gjelda

dersom kommunen ønskjer å selja Rongevær kurs- og fritidssenter, der ein kanskje ikkje vil selja til privat eige. Og når det gjeld direkte spørsmål til private, så skal det skje i tillegg til annan annonsering.

Per Lerøy (Ap) spurte om det framleis er mogleg for lokale bedrifter å kjøpa kommunal eigedom og deretter utvikla denne. Det må vera mogleg å komma med ein god idé til kommunen utan at denne vert offentleggjort og gjort tilgjengeleg for alle. Viste til ideen som kom om Kystlandsbyen, der prosjektet var uttenkt av private. Kommunalsjef Lindås svara at det er eit mål for kommunen å vera ein meir aktiv eigar som sikrar mest mogleg midlar til kommunen. Men ser utfordringar i at kommunen seier at "det var ein god tanke", og så legga eigedommen ut for sal med denne ideen.

Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje berre burde sjå på kortsiktig inntekt, men sjå på kva som kan gje best mogleg utvikling på sikt.

Asbjørn Toft sa at politikken tidlegare har vore at kommunen har selt eigedommar til takst.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at utlysing av eigedommar må vera hovudregelen, det er ikkje sikkert at ein lokalt har alle gode idear om kva ein eigedom kan brukast til.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det må vera armlengdes avstand mellom kommunen og kjøpar, og ei god løysing kan vera å gjera som i Bergen der ein går aktivt ut og annonserer at dette er eit område der ein ønskjer utvikling. Viser elles til at Austrheim skal selja for 4,4 millionar kroner i år, for å sikra finansiering av investeringar som kommunen har på gang.

Thomas Lindås sa at dagens praksis er at dersom nokon tek kontakt og vil kjøpa, så er svaret at det skal gjennomførast takst og lysast ut. Eventuelle idear om bruk/utvikling er konfidensielle. Det er mogleg å setja klausular på at eigedommen skal utviklast innan så og så lang tid.

Per Lerøy spurte om det er mogleg å seia nei til å selja til spesielle tilbydarar. Liv Løvvik svara at dette etter hennar syn vil vera vanskeleg, men mogleg. Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at kommunen som grunneigar står fritt til å seia ja eller nei. Det er ikkje eit enkeltvedtak, og det kan ikkje påklagast.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) spurte om det er mogleg å setta av leilegheiter som skal seljast, for dei som har vanskar med å komma seg inn på bustadmarknaden. Rådmann Liv Løvvik svara at det ikkje er rom for å gje subsidiar. Thomas Lindås sa at kommunen kan ta inn i arbeidet med reguleringsplanar og utbyggingsavtalar at det skal leggast til rette for mindre bustader.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er mogleg å selja leilegheiter heller enn å pussa opp for kommunale midlar, for å hjelpa folk inn på bustadmarknaden. Om dette sa Per Lerøy (Ap) at det er betre for kommunen å selja enn å pussa opp slike leilegheiter.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er tre tomter tilgjengeleg i Kystlandsbyen, som er rimelege. Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at desse gjerne vart lyste ut meir aktivt.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigedommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

**Kommunestyret - 058/20 - 04.06.2020**

## KS - behandling:

Kommunalsjef Service og forvalting Thomas Lindås orienterte om saka, og sa at desse retningslinjene er meint å ta høgde for ulike alternativ for korleis kommunen kan avhenda eigedom.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om punktet der det er omtala å gå direkte til private interessentar, og spurte om dette betydde at ein skal gå utanom annonsering. Kommunalsjef Lindås svara at alle eigedommar skal ut på Finn/liknande, men at ein i tillegg kan tipsa lokale interessentar om at det er areal som kan utviklast.

Inger Lise Brekke (H) spurte om dette med sal av leilegheiter i bygg der det også bur private. Kommunalsjef Lindås svara at ein kan gje forkjøpsrett tilsvarande høgaste bod, men ikkje til takst. Kommunen ønskjer å ta ut best mogleg pris.

Per Lerøy (Ap) og Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med prinsippet om forkjøpsrett til høgaste bod.

Reidar Øksnes (Sp) sa at retningslinjene også burde omfatta verdifastsetting, at punktet med utlysing kunne forenklast utan opplisting av dei ulike plattformar, og at ein i tillegg burde ta med at ein må sjå på kva som ligg av eksisterande avtalar og rettar.

Øksnes ba vidare om at godkjenning av sal skulle gjerast av formannskap og kommunestyre, og ikkje berre ordførar.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa seg samd i at det kunne redigerast inn ei overskrift på teksten. Når det gjeld punktet om at alle eigedommar som hovudregel skal lysast ut, så er det for å ta inn den fleksibiliteten ein treng. Når det står at sal skal godkjennast ved ordførar så er det meint for å sikra hurtigheit og fleksibilitet i desse sakene. Prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvalting viser til kva ein vurderer som aktuelt for sal, elles vil det leggast ut på Finn.no og heimesida til kommunen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen følgjer dei reglar som gjeld, mellom anna med ulik framgangsmåte for næringseigedom og andre eigedommar. Vil laga liste over kva som kan seljast, der det er lagt inn inntekter frå sal framover.

Kommunalsjef Lindås sa at ein vil løfta for politisk nivå kva som er aktuelt å selja, om det ikkje ligg klart i retningslinjene, og om det er spesielle areal/eigedommar det er tale om.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret har lagt ei føring på sal når det er lagt inn i budsjettet salsinntekter på over 4 millionar kroner. Elles er det naturleg å ta det opp politisk dersom det er spesielle eigedommar som skal seljast, som til dømes kyrkjelydshuset, det gamle kommunehuset, med fleire.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva eigedommar som er selt dei siste åra. Kommunalsjef Lindås svara at han ikkje har nøyaktige tal på dette, men at det varierer litt frå år til år på bustadeigedommar og anna.

Ordførar Lerøy (Ap) viste til at kommunen dei seinare åra har selt strøtomter ulike stader, eit større areal i Kalandsfeltet, og tre naust på Baløy. I all hovudsak skjer dette på den opne marknaden. Om dette sa kommunalsjef Lindås er at når det ikkje vert lyst ut, så gjeld det gjerne tilleggsareal til private

eigedommar og tilsvarande som ikkje har interesse på den opne marknaden.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om ein kan presisera siste punktet i lista slik at ein ser kva som skal til politisk godkjenning.

Reidar Øksnes (Sp) kom med eit framlegg til endring av vedtaket (det vart ikkje røysta over dette, saka vart utsett):
"Retningslinjer for verdisetting og mulig avhending av kommunal eigedom
Det 4. siste kulepunktet endra til: Om det ikkje er avtalar eller rettar som hindrar dette, skal alle eigedommar lysast ut på den opne marknaden.
Vil stryka det siste kulepunktet."

Per Lerøy (Ap) sa at det siste punktet gjerne kan endrast til at "ved sal av eigedom signerer ordførar på vegner av kommunestyret".

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta Reidar Øksnes sitt framlegg samt Per Lerøy sitt punkt om å redigera siste kulepunkt. Dyrkolbotn sa at han ikkje ser at det er nødvendig å spesifisera vedtaket meir slik, Bru (Bygdelista) ba om.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at utan fleksibiliteten som ligg i dette kulepunkt 6 i dag, så kan ein til dømes ikkje selja til BOF elle liknande. Rådmann Løvvik ba om at ein ikkje innskrenkar både dette og kommande kommunestyre sine moglegheiter til å selja eigedom.

Per Lerøy (Ap) ba om at saka vert utsett til kommande kommunestyre 18/6 for å gje rådmannen ein sjanse til å komma med eit justert framlegg, for å sikra at det vert juridisk rett.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa seg samd med Lindås i at det må ligga fleksibilitet til å unngå sal av til dømes skulen/kurssenteret i Rongevær. Støttar ordførar i at ein ventar med saka til 18/6.
Thomas Lindås svara sa at ein fint kan ta saka opp til handsaming 18/6 med justeringar.

Rådmann Løvvik ba om at eigedomsrapporten vart sendt ut til alle.

Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at ein kan komma tilbake med eit justert framlegg, det same vart støtta av Reidar Ulvøy (Ap) og Morten Sognnes (H). Også Reidar Øksnes (Sp) sa seg samd i at saka kjem opp på nytt i kommunestyret.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for Per Lerøy (Ap) sitt framlegg om utsetting

## KS - vedtak:

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

I samband med prosjekt for strategisk eigedomsforvaltning som tidlegare er orientert om i

formannskapet og kommunestyret vart det utarbeida retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar. Rådmannen legg no fram desse retningslinjene for politisk handsaming.

**Vurdering**

Austrheim kommune eig ei rekke eigedommar, både bebygde og ubebygde. Eigedommane dekkjer ei rekke behov for kommunen, men grunna stadige endringar i behova er det naudsynt å både kjøpe og avhende eigedom. I samband med avhending av eigedom er det naturleg å ha nokre vedtekne retningslinjer som ligg til grunn for arbeidet. Dette vil sikre både gode prosessar internt samt forutbereknelighet for innbyggjarar og andre interessentar.

Retningslinjene er meint å skape tydlege føringar for avhending av eigedom, samstundes som ein varetek fleksibiliteten som er naudsynt for ei strategisk og god eigedomsforvaltning. Retningslinjene er som følger:

- Prinsippa skal i utgangspunktet leggast til grunn ved all avhending av eigedommar, men må tilpassast den aktuelle eigedommen
- Ein skal ved sal av eigedommar arbeide for høgast mogleg pris
- Det skal utarbeidast takst på alle eigedommar som ein ønskjer å selje
- Det skal leggast vekt på utvikling av eigedommen ved sal
- Der det er naturleg kan endring i driftsform vurderast i staden for sal
- Alle eigedommar skal som hovudregel lysast ut på den opne marknaden. Ein skal nytte annonse på finn.no, heimeside, Facebook og eventuelt direkte til lokale interessentar
- Ein skal bruke meglar der det er naturleg
- Rådmannen er ansvarleg for framforhandling av avtale om salg
- Endeleg godkjenning om sal av eigedom skjer ved ordførar

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 071/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4256 |

**Revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS**

## Vedlegg

Orientering om behov for revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS
Selskapsavtale for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS - sporbare endringer .PDF
Selskapsavtale for Bergen Havn Farvannsforvaltning - renskrevet versjon.PDF

## Framlegg til vedtak:

I medhold av lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999 nr. 6 § 4 slutter Austrheim kommune seg til fremlagte forslag til revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og innstiller for representantskapet å godkjenne forslaget.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Det må gjerast ein del endringar i selskapsavtalen for dette selskapet, med likelydande vedtak i den enkelte eigarkommune. Administrasjonen i selskapet har utarbeidd framlegget til saksutgreiing, som altså er på bokmål.

**1. Hva saken gjelder**

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS ble stiftet den 12. april 2019. Selskapet skal utføre lovpålagte oppgaver og utøve forvaltningsmyndighet etter havne- og farvannsloven. Dette innebærer blant annet å sørge for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområder.

Som følge av gjennomførte kommunesammenslåinger i selskapets eierkommuner, samt ny havne- og farvannslov som trådte i kraft 01.01.2020, er det nødvendig at selskapsavtalen for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS revideres.

Styret i Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS vedtok i møte den 21. april 2020 å revidere

gjeldende selskapsavtale.

## 2. Beskrivelse av foreslåtte endringer i selskapsavtalen

***Selskapsnavn***
Det foreslås å endre selskapsnavnet til Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS (Bergen Havn) i selskapsavtalens § 1. I all daglig kommunikasjon benyttes Bergen Havn som benevnelse på selskapet, domene for selskapets hjemmeside og andre digitale plattformer, og Bergen Havn har en naturlig versjon på engelsk – Port of Bergen. Bergen Havn samsvarer med det uformelle selskapsnavnet som benyttes i det daglige, og fremstår mer inkluderende / samlende enn dagens Bergen og Omland Havn/Farvannsforvaltning. Det er av strategisk viktighet at selskapet ønsker å rendyrke merkevaren Bergen Havn.

Det vil også av praktiske årsaker være fordelaktig å endre navn for å unngå forveksling med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF).

Det er for øvrig ingen sammenlignbare interkommunale selskaper eller samarbeidsrelasjoner som bruker omland eller tilsvarende betegnelser, f.eks. Visit Bergen, Bergenalliansen og Bergen Næringsråd.

Det understrekes at regionen og omlandet er viktigere enn noen gang for Bergen Havn, og at et godt samarbeid og samvirke i regionen vil være avgjørende for økt sjøtransport og aktivitet.

***Eiernavn og eierandel***
Oppdatert oversikt over selskapets eierkommuner, samt oppdatert og forholdsmessig prosentvis eierandel i selskapet og fordeling av ansvar i samsvar med kommunesammenslåinger i selskapsavtalens § 4. Stemmerett, krav til deltakelse og krav til flertall i representantskapet

Det foreslås at endringer av selskapsavtalen som beskrevet i IKS-lovens § 4 tredje ledd vedtas av representantskapet med tilslutning fra mer enn to tredjedeler av stemmene som er representert. Dette slik at flertallskravet for endringer i selskapsavtalen for BF IKS som treffes av representantskapet samsvarer med flertallskravet for vedtektsendringer i Bergen Havn AS som treffes av generalforsamlingen.

Videre inntas bestemmelsen om at for de enkelte deltakerne kreves det likevel at kommunestyret selv vedtar slike endringer i selskapsavtalens § 6.

***Sammensetning av styret***
Som følge av kommunesammenslåinger og derav færre eiere, er det behov for å justere sammensetning av selskapets styre for å gjenspeile kommunegruppene i selskapsavtalens § 7.

***Administrasjonens funksjon som sekretariat***
Det foreslås å innta en ny bestemmelse om administrasjonens funksjon som sekretariat i selskapsavtalens § 8. Det er behov for å synliggjøre / tydeliggjøre administrasjonens sekretariatfunksjon overfor eierprosesser, eksempelvis arbeid med endring av selskapsavtalen. Styret og eierne kan nytte administrasjonen som sekretariat i sitt arbeid.

***Signatur***
Det foreslås å fjerne daglig leders blankofullmakt i selskapsavtalens signaturbestemmelse i § 9.

**Konklusjon**
Austrheim kommune bør slutta seg til dei endringar det er lagt opp til.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 072/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristin Nesbø | FE-007, TI-&00 | 20/4264 |

## Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune

### Vedlegg
Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune

### Framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtar tillegg i punkt 7 i etiske retninglinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim:
Styrevervregisteret:
Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Det gjeld verv som folkevald eller stilling i kommunen, fylkeskommunen eller kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.
Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

### Saksopplysninger:
**Bakgrunn**

Administrasjonen ønsker følgjande punkt innarbeidd i etiske retningslinjer:

Styrevervregisteret:
Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Det gjeld verv som folkevald eller stilling i kommunen, fylkeskommunen eller kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.
Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

Slik at punkt 7. blir som følgjer:

7. Interessekonflikt

Tilsette og folkevalde må vere merksam på å unngå aktiviteter og situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og eigne interesser. I situasjonar der interessekonfliktar kan oppstå, er det den enkelte sitt ansvar å informere sin næraste leiar for å avklare situasjonen.

Døme på slike mogelege interessekonfliktar:
• Forretningssamband eller andre liknande bindingar med tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
• Løna ekstraarbeid som kan verka inn på eige arbeid i Austrheim kommune.
• Engasjement i interesseorganisasjonar/-lag der engasjementet kan føra til at vedkomande kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve Austrheim kommune si verksemd.
• Familiære eller andre sosiale samband.

Styrevervregisteret:
Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Det gjeld verv som folkevald eller stilling i kommunen, fylkeskommunen eller kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.
Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 073/20 | Kommunestyret | PS | 18.06.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Kristin Nesbø | FE-082 | 19/621 |

## Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

### Vedlegg
Forskrift - Folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune 2020

### Framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtek forskrift om folkevalde sine arbeidsvikår for Austrheim kommune

### Saksopplysninger:
**Bakgrunn**

Kommunestyret vedtok i sak 009/20, 13.02.2020 følgjande:

**KS - vedtak:**

1. Godtgjersle for medlemmer i kommunale nemnder vert endra gradvis gjennom inneverande kommunestyreperiode slik:

| Gruppe | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gruppe I | 500 | 600 | 800 | 1000 | 1200 |
| Gruppe II | 400 | 500 | 600 | 700 | 800 |
| Gruppe III | 250 | 300 | 350 | 450 | 500 |
| Gruppe IV | 150 | 200 | 250 | 300 | 300 |

2. Rådmannen legg fram sak om endring av *«Austrheim kommune –folkevalde sine arbeidsvilkår,»* for godtgjersle for politisk valde og oppnemnde medlemmer i råd og utval. Reglementet der dei nye satsane er innarbeidd, skal leggjast fram for kommunestyret innan utgangen av juni 2020.
3. Dei økonomiske fylgjene dette får for 2020, vert innarbeidd i budsjettet ved første tertialendring i 2020.

Reglementet for folkevalde sine arbeidsvilkår har ikkje vore endre på fleire år og det har derfor vore

gjort ein gjennomgang og oppdateringar i forhold til gjeldande kommunelov.

**Konklusjon**

Forskrift for folkevalde sine arbeidsvilkår er oppdatert og nye satsar for godtgjersle er innarbeidd i det nye reglementet.